



Sverre Nesse  
Nesse  
5912 SEIM

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/7592 - 14/26160

Saksbehandlar:  
Nils Kaalaas  
NIK@lindas.kommune.no

Dato:  
21.11.2014

## Søknad om tilskot til drenering av jordbruksjord

Dokument  
Søknad om tilskot dat. 10.11. 2014  
Kart med grøfteplan i M 1 : 1000

### Søknaden

Sverre Nesse søkjer om tilskot til drenering av tidlegare dyrka jord på gnr 177 bnr 6 Nesse i Lindås kommunen. Søknaden gjeld 4 dekar fulldyrka jord og det er ført opp 435 meter med grøfter.

### Vurdering

Kommunen har behandla søknaden etter forskrift om tilskudd i drenering av jordbruksjord fastsett av Landbruksdepartementet 25.06.2013

Arealet er no vorte vassjuk mark som vanskeleg å hausta maskinelt og med grøfting vil ein i tillegg til å betra vilkåra for maskinell hausting betra jordkvaliteten for aukande avling. I Gårdskart Skog og landskap er arealet registrert som fulldyrka jord. Så langt vi har kunna undersøkje så vil tiltaket ikkje koma i konflikt eller ha verknad på det som kan reknast som biologisk mangfald og det er ikkje registret forminne i området. Saka er såleis ikkje sendt korkje til miljø eller til kulturmyndigheit for uttale. Det vert likevel gjort merksam på at skulle det under arbeidet koma fram forminne, så skal arbeidet stansast og rette mydigheit skal varslast.

### Vedtak:

Med heimel i «Forskrift om tilskot til drenering av jordbruksjord» vert det løyvd kroner 4000 til drenering på gnr 177 bnr 6 Nesse. Løyvinga er eit eingongstilskot. Frist for gjennomføring av tiltaket er 3 år frå den dag meldinga er motteken.

*Klagerett:*



*Vedtaket kan påklagast til kommunen if. Lov om off. forvaltning. Klagefristen er 3 veker rekna frå den dagen du mottok vedtaket. Det er nok at klagen er mottaken innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til etaten som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar du som part ønskjer. Klagen skal grunngjevast.*

### **Generelt om løyving til dreneringstiltak av jordbruksjord:**

- Fristen for gjennomføringa av tiltaket er 3 år,
- Tilskotet kan verta trekt inn om det kan føra med seg vesentleg skade på annan eigedom, biologisk mangfald, automatisk freda kulturminne, eller forrureining.

### **Beregning av tilskot**

- Tilskotet til drenering av jordbruksjord, avgrensa til systematisk grøfting, profilering og omgraving utgjør 1000 kroner pr dekar. Ved anna grøfting kan det vera gjeve 15 kroner pr løpemeter grøft beregna oppad til 1000 kroner /dekar.
- Beregna tilskot til under 3000 kroner pr søknad skal ikkje utbetalast.

### **Søknad og utbetaling**

- Innvilga tilskot vert utbetalt etter at tilskotsmottakar har dokumentert at tiltaket er gjennomført. Tiltaket må vera gjennomført innan 3 år etter at søknaden er innvilga.
- Annmodning om utbetaling skal sendast kommunen
- Er tilskotet over 10.000 kroner kan ein gjera delutbetaling av inntil 75% av innvilga tilskot tilsvarande arbeid som er gjort.
- I søknad om sluttutbetaling skal det skal det gjennom dokumentasjon syna at tiltaket er gjennomført. ( rekneskap og timelister for eige og leigd arbeid, fakturaer for innkjøpte materialar og gjerne foto- dokumentasjon)
- Til utbetaling vil **Konto 3632 55 31961 bli brukt.**

### **Kontroll:**

- Søkjar av tilskot pliktar å gje alle opplysningar som kommunen og fylkesmannen må ha for å kunna forvalta ordningen.
- Kommunen og fylkesmannen fører tilsyn med at utbetalingar av tilskot er riktige og skal ha tilgang bokføring og oppteikningar som er gjort.

### **Vilkår:**

- Vi minnar om at løyvd tilskot kan trekkast attende heilt eller delvis dersom det oppstår tilhøve som er i strid med føresetnad for ordninga jfr. § 10 (Forskrift om tilskudd til drenering av jordbruksjord)

Med helsing

Nils Kaalaas  
fagleiar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Fylkesmannen i Hordaland

Postboks 7310

5020

BERGEN

**Mottakarar:**  
Sverre Nesse

Nesse

5912

SEIM